



NVE
Pb 5091 Majorstua
0301 OSLO
E-post: nve@nve.no

Vår ref.:
2015/6-5

Sakshandsamar:
Inge Olav Fjalestad
inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no

Dato
02.07.2015

MELDING OM VEDTAK

Uttale til konsesjonssøknad for Melefallet II småkraftverk i Bygland kommune

Plan-, miljø og ressursutvalet i Bygland kommune har i møte 16.6.2015 kome med følgjande kommentarar til konsesjonssøknad for Melefallet II småkraftverk:

Bygland kommune er positiv til utbygging av Melefallet II småkraftverk, men inngrepet må gjerast så skånsamt som mogleg. Bygland kommune vil særleg peike på følgjande:

- Ny midlertidig tilkomstveg opp røygata tilbakeførast slik at terrenget framstår mest mogleg naturleg frå eksisterande dam til ny dam slik søknaden òg legg til grunn. NVE bør gi klare retningslinjer om kva som skal vere naturlege toppmasser oppe på røygata og midlertidig tilkomstveg.
- Det utarbeidast planar for bruk av overskotsmasse og riving av gamal dam.
- Det må avklarast om tilkomstveg ut mot juvet er nødvendig frå eksisterande skogsbilveg. Kommunen meiner denne kan bli liggjande etter utbygging ut til kote 350 til skogbruksformål.
- Tiltakshavar eller grunneigar må avklare forholda rundt MIS-figur på gnr. 50, bnr. 1.

For nærmare grunngjeving syner vi til saksframstillinga.

Med helsing
Bygland kommune


Inge Olav Fjalestad
Skogbrukssjef



Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
48/15	Plan- miljø og ressursutvalet	16.06.2015

Uttale til konsesjonssøknad for Melefallet II småkraftverk i Bygland kommune

Rådmannen si innstilling:

Bygland kommune er positiv til utbygging av Melefallet II småkraftverk, men inngrepet må gjerast så skånsamt som mogleg. Bygland kommune vil særleg peike på følgjande:

- Ny midlertidig tilkomstveg opp røyrgata tilbakeførast slik at terrenget framstår mest mogleg naturleg frå eksisterande dam til ny dam slik søknaden òg legg til grunn. NVE bør gi klare retningslinjer om kva som skal vere naturlege toppmasser oppe på røyrgata og midlertidig tilkomstveg.
- Det utarbeidast planar for bruk av overskotsmasse og riving av gamal dam.
- Det må avklarast om tilkomstveg ut mot juvet er nødvendig frå eksisterande skogsbilveg. Kommunen meiner denne kan bli liggjande etter utbygging ut til kote 350 til skogbruksformål.
- Tiltakshavar eller grunneigar må avklare forholda rundt MIS-figur på gnr. 50, bnr. 1.

For nærmare grunngjeving syner vi til saksframstillinga.

Saksprotokoll i Plan- miljø og ressursutvalet - 16.06.2015

Handsaming:

Plan-, miljø- og ressursutvalet sluttar seg samrøystes til rådmannen si innstilling.

Vedtak:

Bygland kommune er positiv til utbygging av Melefallet II småkraftverk, men inngrepet må gjerast så skånsamt som mogleg. Bygland kommune vil særleg peike på følgjande:

- Ny midlertidig tilkomstveg opp røyrgata tilbakeførast slik at terrenget framstår mest mogleg naturleg frå eksisterande dam til ny dam slik søknaden òg legg til grunn. NVE bør gi klare retningslinjer om kva som skal vere naturlege toppmasser oppe på røyrgata og midlertidig tilkomstveg.
- Det utarbeidast planar for bruk av overskotsmasse og riving av gamal dam.
- Det må avklarast om tilkomstveg ut mot juvet er nødvendig frå eksisterande skogsbilveg. Kommunen meiner denne kan bli liggjande etter utbygging ut til kote 350 til skogbruksformål.
- Tiltakshavar eller grunneigar må avklare forholda rundt MIS-figur på gnr. 50, bnr. 1.

For nærmare grunngjeving syner vi til saksframstillinga.

SAKSUTGREIING

Samandrag/ konklusjon

Melefallet II småkraftverk har søkt NVE om konsesjon for å forlengje rørgata, byggje nytt inntak og bygge på kraftstasjonsbygget for Melefallet minikraftverk i Meleåni. Kraftverket vil ha ein årsproduksjon på 4 GWh. NVE ber Bygland kommune kome med uttale til søknaden og om løyve bør gis. Rådgivande Biologer AS har undersøkt det biologiske mangfaldet. Dei konkluderer med at det ikkje er behov for grundigare undersøkingar i samband med tiltaket, og at samla vurdering av miljøet vil vere frå middels negativ til liten negativ. Rådmannen tilrår utbygging, men det bør liggje klare føringar frå NVE om tilbakeføring av rørgata og tilkomstvegar slik at området har eit mest mogleg naturleg preg etter utbygginga.

Bakgrunn for saka

NVE har motteke sju søknadar om løyve til å byggje småkraftverk i Bygland, Valle og Bykle kommune. I Bygland kommune er det sendt inn konsesjonssøknad for Melefallet II småkraftverk. NVE ber høyringspartar kome med uttale kvar sak for seg eller alle sakane samla.

Nedre del av Meleåni er i dag utbygd mellom kote 227,5 og 204. Tiltakshavar, familieselskapet eigd av Geir Skjevrak og Birgit Skjevrak, ynskjer å forlenge eksisterande røyrgate opp til kote 279. Inntaksdammen vil vere eit overløpsinntak av typen coanda med minstevassføring på 30 liter over rista. Forlenging av eksisterande røyrgate frå dagens inntak vil vere om lag 1 100 m vidare inn i Melejuvet. Røyrkata er tenkt å gravast ned på sørsida av elva nede i sjølve juvet. Det er planlagt å utvide eksisterande kraftverksbygg med eit påbygg på 3 m ut mot Byglandsfjorden. Middels årsproduksjonen er kalkulert til 4 GWh. Prosjektet har ei kostnadskalkyle på 16,7 millionar kr. Eigarar av grunnen der tiltaket er planlagt er Geir Skjevrak, gnr. 49, bnr. 3 og 5, og Olav Skeie gnr. 49, bnr. 4 og gnr. 50, bnr. 1.

NVE vil at høyringspartane skal kome med mest moglege konkrete synspunkt på om løyvet bør bli gitt eller ikkje, val av eventuelle alternativ og forslag til avbøtande tiltak.

Vurderingar og konsekvensar

Kommuneplanen sin arealdel i Bygland kommune 2011 – 2022 tilkjennegir at arealet ligg i LNF-område, og omsøkt anlegg ligg inne som eit vassdrag til utgreiing for kraftproduksjon.

Kommuneplanen seier følgjande om kraftverk/fornybar energi i kap. 1.4.4:

«Mini- og mikrokraftverk vert stadig meir aktuelt som ei attåttnæring til landbruket. Kommunen er positiv til småskala kraftproduksjon i mindre vassdrag og til å vurdere vindenergi frå vindmølleparkar, så sant dette ikkje virkar øydeleggjande på miljø eller kulturlandskap. Flaumutsette vassdrag må unngåast. Det vil vere ei eiga utfordring å få heva kapasiteten på fordelingsnettet, dersom det lokale potensialet for små kraftverk vert realisert. Vassdrag til utgreiing for kraftproduksjon er vist på kommuneplankartet, og det skal arbeidast vidare med dette temaet. Anlegg for kraftproduksjon må utgreiast etter gjeldande regelverk.»

Kommunestyret vedtok *Kommunedelplanen Strandsoneplan for Bygland 2015-2016 med dato 13.04.2015* den 7.5.2015. Kraftverket vil ikkje liggje i område der Strandsoneplanen er gyldig. Vurderingar som er gjort vedrørande plassering av bygningar m.o.t. fare for flaum vil kunne vere retningsgivande for kor kraftverket plasserast. For bygg med lite person opphald er det i planen tilrådd byggjegrense 0,5 m over vasshøgde 203,05 som tilsvarar 20 års flaum, altså tilrådd byggjegrense på 203,53. For industribygg er tilrådd høgde på planert tomt 203,95 moh.

Bygland kommune har gjeve løyve til bygging av traktorveg frå enden av skogsbilvegen ved Bytingsbekken og inn til Røynekleiv. Dei fyrste 1 000 m er no bygd. Frist for bygging av dei fyrste 2 500 m er 26.11.2015, medan den indre delen på 700 m har frist til ferdigstilling 10.03.2018. I høve transportlengde og arbeidsfristar ser kommune det som lite sannsynleg at overskotsmasse vil bli køyrd inn til løyvd traktorveg slik det står i konsesjonssøknaden i kap. 2.2.3 Røyrgate.

I søknaden står det i kap. 2.2.7 Vegbygging, avsnitt 2: «Adkomst til dam gjerast frå enden av eksisterande skogsbilveg vegklasse 3 frå rundkøyring ved Bytingsbekken. Adkomst til dammen er då til fots. Evt. inn/uttransport gjerast med kabelbane. Under bygging av dam, så vil tiltransport skje med pumpebil frå denne rundkøyringa på eksisterande skogsbilveg.» Grovmålt på kartet er avstanden om lag 200 m. I praksis trur vi dette er ei løysing som ikkje vil bli bruka og at veg ut mot kanten vil bli aktuelt.

I skogbruksplanen for eigedom gnr. 50, bnr. 1 er det teikna inn MIS-figur på nordsida av Meleåni frå Bytingsbekken og austover. Det er registrert som bestand nr. 14 i skogbruksplanen for eigedomen og skal stå urørt. I vedkomande bestand skal det i følge skogeigar sin miljøplan (MIS-registrering) då ikkje gjerast inngrep i bestandet. I følge søknaden skal det fraktas ned diverse innretningar til inntaksdam med kabelbane. Kommunen vil då tru at det kan vere behov for å rydde vekk nokre tre der banen vil gå. MIS-registreringane er gjort i samband med utarbeiding av skogbruksplanar i kommunen i 2006/07 av AT-Plan. Tiltakshavar bør ha avklara forholda kring MIS-figuren i forkant av ei utbygging med AT-Skog (AT-Skog eig planselskapet AT-Plan), for å avklare kva ein kan gjere og eventuelt få til ein restaureringsbiotop i nærleiken.

Når det gjelder vurderingar kring naturmangfaldet, har kommunen ikkje noko meir viten eller informasjon å kome med ut over det som er framlagt av Rådgivende Biologer AS. Vi vurderer òg at det biologiske grunnlaget er godt nok for å ta ei avgjerd i saka. Melejuvet er eit markert juv med høge markerte bergveggar. Rådmannen meiner det er viktig at ein bevarer mest mogleg av vegetasjon langs røyrigata og at det leggst til rette for at Melejuvet framstår mest mogleg urørt etter inngrepet.

Bygland, 02.07.2015

Rådmann

Vedlegg:

Konsesjonssøknad for Melefallet II småkraftverk
Høyringsuttale – Småkraftpakke Otra
Oversiktskart med MIS-figurar

Melding om vedtak sendast:

www.nve.no/konsesjonssaker